

Voss herad

Rammeavtale for elektrikaner

Bilag 1 Kravspesifikasjon

Innhold

1	OM DOKUMENTET, OPPDRAGSGIVAR OG YTINGA	3
1.1	INNLEIING	3
1.2	FORKLARING TIL KRAVTABELL	3
1.3	OVERORDNA OM OPPDRAGSGIVAR OG YTINGA	3
1.4	ESTIMERT VERDI	4
2	KRAV	5
2.1	GENERELLE KRAV	5
2.2	KRAV TIL LEVERINGSVILKÅR, DOKUMENTASJON, FRISTAR, BEMANNING OG KAPASITET	7
2.3	MILJØ OG AVFALLSHANDTERING.....	9
2.4	KRAV TIL PRISING OG DOKUMENTASJON AV PRISING FOR VARER	10

1 Om dokumentet, oppdragsgivar og ytinga

1.1 Innleiing

Dette bilaget inneheld krava oppdragsgjevaren sine krav til ytinga. Krava gjeld for alle leveransar under kontrakten. Leverandøren er sjølv ansvarleg for å beskrive alle naudsynte løysningselement for å få ein fullstendig løysing, sjølv om ikkje alle desse er spesifiserte krav.

1.2 Forklaring til kravtabell

Tittel	Forklaring
#	Kravpunktet sitt unike løpenummer.
Skildring	Tekst som skildrar kravet.
Type	Absolutte krav (A) Kravet er viktig og MÅ tilfredsstillast. Kravet vert rekna som eit minimumskrav. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og er ikkje ein del av dei kvalitative tildelingskriteria. Dersom Leverandøren ikkje tilfredsstillast dei absolute krava, eller har avvik frå dei absolute krava, kan dette føre til avvising av tilbodet.
Dokumentasjon	Krava til dokumentasjon frå Oppdragsgivar for kravet. Dersom det berre blir kravd stadfesting, er det tilstrekkeleg å krysse av i kolonne "Krav oppfylt" i Bilag 2. For krav der det eventuelt er bedt om ytterlegare dokumentasjon i form av ei skildring, skal denne dokumentasjonen leggjast ved som egne vedlegg. Husk å referere til kravnummer i alle vedlegg.
Krav oppfylt	Leverandøren kryssar av om krava er oppfylte eller ikkje.
Kommentar	Leverandørens referanse til namn på vedlegg, for krav der det er bedt om eigen dokumentasjon.

1.3 Overordna om oppdragsgivar og ytinga

Oppdragsgivar for denne anskaffinga er Voss herad, som er ein kommune sentralt i Vestland fylke. Kommunen grensar i vest til Vaksdal, i sørvest til Kvam, i aust til Ulvik og i nord til Aurland og Vik. Med sine 1805 kvadratkilometer er Voss herad ein stor kommune i Vestland. Per 1. januar 2022 var innbyggjartalet på 15 875 innbyggjarar.

Voss herad ved Avdeling for bygg og eigedom har ansvar for vedlikehald og utbygging av bygg og anlegg som kommunen disponerer. Avdelinga er ein serviceorganisasjon som skal forvalte dei kommunale bygningsmassane på best mogleg vis for brukarane av bygga og for Voss herad. Eigedomsmassen består av skular, barnehagar, sjukeheimar, bustader, kontorbygningar og idrettsanlegg. Totalt forvaltar avdelinga eit eige areal på over 90 000 m².

Avdelinga er organisert med ein administrativ og ein operativ del. Den administrative delen består av leiing og eigne prosjekt- og byggeleiarar, i tillegg til eigedomsforvaltar og teknisk prosjektstøtte. Den operative avdelinga består av byggdriftarar og handverkarar som til dagleg utfører løpande vedlikehaldsoppgåver og andre mindre ombyggingar mv.

Rammeavtalane omfattar i hovudsak bistand med tenester innan elektrikarfaget, i samband med til dømes rehabilitering av eksisterande bygg/, påbygging/ nybygging, ad-hoc-oppdrag og eventuelt mindre investeringsprosjekt.

Typisk arbeid som vil bli utført under denne avtalen er til dømes:

- Reparasjonar, utskiftingar, oppgradering og utviding av eksisterande elektrisk anlegg
- Installering av nye anlegg
- Servicearbeid innanfor tele og data
- Service dørautomatikkar
- Montering av nye og vedlikehald av eksisterande brannvarslingsanlegg.

I noko mindre omfang:

- Programmering av utstyr på eksisterande og nye automasjonsanlegg, for eksempel KNX og Dali.
- Termografering
- Elkontroll

Årlege kontrollar:

- Årlege kontroll av brannvarslings – og nødlysanlegg*
- Årleg kontroll av UPS*
- Årleg kontroll av elkjeler *

*Oppdragsgjevar vil for kvart år gjennomføre tre minikonkurransar for det årlege volumet av ulike kontrollar, ein konkurranse for kvar av dei tre nemnde områda markert med * over. Desse minikonkurransane vert gjennomført tentativt i oktober året ført.

Andre tenester som naturleg høyrer inn under avtaleområdet kan også bli omfatta av rammeavtalen. Alle tenestene skal utførast til oppgitte timeprisar, jf. Bilag 4 (eller lågare dersom det er tilbydd lågare pris i samband med minikonkurransar).

1.4 Estimert verdi

Estimert kontraktsverdi er 2,0 – 7,0 MNOK per år, ekskl. mva., total 8,0 -24,0 MNOK ekskl. mva. over 4 år. Øvre grense for uttak over 4 år er 30,0 MNOK ekskl. mva. Dei estimerte voluma er ikkje bindande for oppdragsgivar, omfanget kan variere etter behov, tildelte midlar og interne prioriteringar.

Oppdragsgjevar har mellom anna behov for å fornye lysinstallasjonar på grunn av nye EU-krav som gjer at ein må utfase en del lysstoffrør i løpet av dei komande åra.

Samstundes har Voss herad tilsett ein fagansvarleg for elektro, og har planar om å tilsetje 1-2 elektrikarar i løpet av dei neste åra. Dette vil kunne redusere eventuelt uttak på rammeavtalen.

Oppdragsgjevar vil gjere merksam på at ulike fagområde kan bli prioritert på det årlege driftsbudsjettet, slik at uttaket på avtalen kan variere frå år til år, avhengig av kva for område som er prioritert.

2 Krav

2.1 Generelle krav

#	Krav	Type
1.	<p>Lov, forskrift og normer Alle varer og tenester som vert levert i kontraktperioden skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og normer.</p> <p>Utføring av oppdrag skal være i samsvar med NS 3420 si skildring for bygg og anlegg, så langt dei passer. Der det høver kan ein legge til grunn løysingar i samsvar med «Byggforsk byggdetaljblad» for utføring, eller andre tilsvarende preaksepterte løysingar.</p>	A
2.	<p>Kvalitet på utføring Arbeida må vera av god handverksmessig kvalitet og skal utførast av kvalifisert personell, i samsvar med §§ 6 – 10 i forskrift om elektroføretak.</p>	A
3.	<p>Krav til naudsynte sertifiseringar/ lisensar: Det vil i noko omfang bli behov for tenester som krev lisensar og/eller sertifiseringar, til dømes for programmering av KNX og Dali, ulike typar elkontroll (næringsbygg og bustadar) og termografering i offentlege bygg og bustader.</p> <p>Den leverandøren som vert tildelt kontrakt og innstilt som nummer 1, må innan rimeleg tid etter kontraktisering syte for at dei disponerer over ressursar som innehar har naudsynte sertifiseringar, og at selskapet har naudsynte lisensar.</p> <p>Dokumentasjon: Legg ved oversikt som viser kva for sertifiseringar og lisensar leverandør disponerer over ved tidspunkt for tilbudslevering, og ein skildringa som viser korleis kravet vil bli oppfylt etter tildeling av kontrakt.</p>	A
4.	<p>Produktkrav Alle varer som blir levert i kontraktperioden skal vera av god kvalitet og i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og normer.</p>	A
5.	<p>Krav til maskinar og utstyr Alle maskinar og alt utstyr skal ha naudsynt sertifisering/ godkjenning, og til ei kvar tid vera godt vedlikehalde. Sertifikat skal kunne visast ved førespurnad.</p> <p>Leverandøren må halde utstyr og klede som er naudsynt for å utføre ordinære oppdrag under denne avtalen. Det skal ikkje fakturerast ekstra for til dømes måleinstrument, personleg verneutstyr, moment verktøy, utstyr ved arbeid på spenning osv.</p>	A
6.	<p>Krav ved behov for løfteutstyr og tilsvarende Voss herad disponerer over nokre liftar sjølv, som etter avtale kan nyttast til enkelte oppdrag. Dersom det er behov for å leige inn utstyr, skal dette avklarast med oppdragsgjevar i forkant.</p>	
7.	<p>Arbeidstid og organisering Arbeidet skal utførast innanfor vanleg arbeidstid 07.00-17.00, kvar dag.</p> <p>Arbeid ut over normal arbeidstid skal avtalast særskilt.</p> <p>Arbeidet skal utførast slik at det fører til minst mogleg sjenanse for eventuelle bebuarar/brukarar.</p>	A
8.	<p>Språk All kommunikasjon, både munnleg og skriftleg, mellom nøkkelpersonar under rammeavtalen skal skje på norsk. Leverandøren skal organisere oppdraga på ein slik måte at det til ei kvar tid er norsktalande ansvarshavande til stades på arbeidsstaden. Leverandøren skal sørge for</p>	A

#	Krav	Type
	at egne tilsette og eventuelle underleverandører kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein tryggingrisiko eller på annan måte utgjer ein risiko for feil og manglar ved utføringa.	
9.	Sikringsarbeid Sikringsarbeid skal utførast slik at det ikkje kan forårsake skade.	A
10.	Sikringsarbeid der fleire leverandører er til stades Leverandøren har ansvaret for at arbeidet blir utført på ein trygg måte. I tilfelle der det er fleire leverandører som arbeider på same arbeidsstad, og dei kan utgjere ein arbeidsmiljørisiko for kvarandre, skal det avtalast mellom leverandørane kven som skal ha hovudansvaret for HMS-arbeidet. Vi viser til føreskrifta i Arbeidsmiljølova § 2-2 som regulerer samordning av tryggingarbeid og Arbeidstilsynets rettleing om dette, sjå lenke under: Samordning av HMS-arbeid (arbeidstilsynet.no)	A
11.	Reint tørt bygg Det skal ryddast i bygningane under og etter arbeidet. Leverandøren skal så sant det passar utføre arbeidet etter rent-tørt-bygg-prinsippet, jf. "Rent Tørt Bygg – førebyggjande helsevern i bygningar", siste utgåve (Rådgivende ingeniørers forening) og Byggforskserien (SINTEF), Byggdetalj 501.107 "Ren, tørr og ryddig byggeprosess" og 501.108 "Renhold i byggeperioden".	A
12.	Kjøp av varer utan montering Dette kravet gjeld for leverandører som sel lagerførte varer: Oppdragsgjevar skal i avgrensa omfang ha moglegheit til å kjøpe enkeltkomponentar utan montering, basert på tilbydd påslagsprosent i Bilag 4 Prisskjema, og øvrige prisvilkår. Dette vil til dømes være batteri og lyskjelder.	A
13.	Krav til kompetanse Leverandør må tilby ressursar med tilstrekkeleg kompetanse for det einskilde oppdrag. Oppdragsgjevar legg til grunn at følgjande oppgåver vert utført av elektrofagarbeider (montør) <ul style="list-style-type: none"> • Reparasjonar, utskiftingar, oppgradering og utviding av eksisterande elektrisk anlegg • Installering av nye anlegg Oppdragsgjevar legg til grunn at følgjande oppgåver vert utført av serviceteknikar: <ul style="list-style-type: none"> • Montering og programmering av utstyr på eksisterande og nye automasjonsanlegg, for eksempel KNX og Dali. • Kontroll og ettersyn av elektrokjeler • Termografering • Servicearbeid innanfor tele, data og låsautomatikk, vedlikehold av brannvarslingsanlegg Prosjektlear/saksbehandlaroppgåver er å stille på synfaring, utarbeide løysingar og pristilbod.	A
14.	Asbest Det kan førekome asbest i nokre av dei eldre bygga, og personell som utfører arbeid på avtalen må ha kunnskap om kva eldre bygningsmaterial som kan innehalde asbest, samt korleis ein handterer situasjonar der det oppstår mistanke om asbesthaldig materiale i eit bygg. Ved mistanke om asbest skal arbeidet stoppast og oppdragsgivar varslast.	A
15.	Teieplikt Alle opplysningar den utførande får tilgang til i samband med synfaringar og arbeid i kommunale formålsbygg, er underlagt teieplikt.	A

#	Krav	Type
16.	<p>Krav til varslings: Alle møte i formålsbygg skal vere varsla på førehand til administrativ leiar for bygget. Oppdragsgjevar vil som hovudregel sørge for varsel.</p> <p>Leverandøren må ikkje møte opp utan å ha avklart med bestillar at naudsynt varslings er utført.</p> <p>Oppdragsgivar ønskjer å ha kontroll over kven som oppheld seg på bygga til ein kvar tid. Det skal for kvart oppdrag gjerast ein avtale om når og korleis ein skal varsle om at oppdraget er ferdig.</p> <p>Dersom eit oppdrag går over fleire dagar, skal det avklårast om og eventuelt til kven det skal varslast</p>	A
17.	<p>Krav ved lagring av varer i formålsbygga Eventuell lagring i påvente av montering må vere avtalt med byggdriftar. Varer som er levert og klare til montering må lagrast forsvarleg, både med omsyn til tryggleik, rømmingsvegar, hærverk osb.</p>	A
18.	<p>Samarbeid og koordinering, andre avtaleleverandørar Oppdragsgjevar har planar om å inngå rammeavtale med fleire fag. For oppdrag der det krevst tenester frå fleire fag, som til dømes elektro, skal leverandøren samarbeide med dei andre avtaleleverandørane.</p> <p>Leverandøren må hjelpe oppdragsgjevar med koordinering/planlegging/varsel, slik at samarbeidet med dei andre avtaleleverandørane går smidig føre seg, utan unødvendige forseinkingar eller ekstra arbeid.</p>	A

2.2 Krav til leveringsvilkår, dokumentasjon, fristar, bemanning og kapasitet

#	Krav	Type
19.	<p>Bestilling: Ordinære oppdrag vil bli bestilt via oppdragsgjevars FDV-system , som for tiden er Famac. Leverandøren vil få naudsynte brukartilgang og opplæring ved oppstart av kontrakt.</p> <p>Hasteoppdrag/ ad-hoc, oppdrag vert bestilt over telefon. Oppdragsgjevar skal følgje opp oppdrag som er bestilt via telefon med ein etterfølgjande skriftleg bestilling i FDV-systemet. Det same gjeld for bestillingar gjort under synfaringar og liknande.</p> <p>Oppdragsgjevar gjer merksam på at det berre er einsskilde personar som har mynde til å gjere bestillingar på vegne av oppdragsgjevar. Kven dette er vil bli gjennomgått på oppstartsmøte med dei som vert tildelt kontrakt.</p>	A
20.	<p>Krav til bruk Famac For kvart nytt oppdrag vert det oppretta ein aktivitet i Famac.</p> <p>Blir det oppdaga feil eller nye avvik under utføring av eit oppdrag, skal leverandøren opprette avvik i Famac tilknytt den opphavelige aktiviteten/ bestillinga, før den opphavelige aktiviteten/bestillinga vert kvittert ut.</p> <p>Det opphavelige oppdraget/aktiviteten må være kvittert ut før faktura blir sendt ut.</p>	A
21.	<p>Krav til dokumentasjon i FDV-systemet, for kvart gjennomført oppdrag</p> <p>Leverandøren skal seinast innan ei veke etter utført arbeid på det einsskilde avropet, levere relevant FDV-dokumentasjon i oppdragsgjevars FDV- system (Famac).</p> <p>Dokumentasjonens omfang vil være avhengig av anleggets størrelse og kompleksitet, men den skal minnum innehalde:</p>	A

#	Krav	Type
	<ul style="list-style-type: none"> • Rapport over utført arbeid. • Samsvarserklæring (erklærer at installasjonen er utført i samsvar med gjeldende forskrifter) <p>Dersom relevant:</p> <ul style="list-style-type: none"> • -Rapport frå risikovurdering • -Rapport frå sluttkontroll • -Brukarvegledning for produktet og produktdatablad • -Kursfortegnelse (skal leveres dersom det er nytt sikringsskap). • -Dokumentasjon skjult varme • -Eventuelle skjema / installasjonsteikningar <p>FDV-dokumentasjonen skal berre innehalde dei produkta/delane som faktisk er nytta, ikkje heile katalogar. Leverandøren skal levere all dokumentasjon på norsk.</p>	
22.	<p>Krav til å levere dokumentasjon og avslutte oppdrag: Etter at arbeidet er utført, skal leverandør laste opp naudsynt dokumentasjon i samsvar med kravet over, og kvittere ut/ avslutte oppdraget i Famac.</p>	A
23.	<p>Regulering av avrop – planlagde oppdrag Det enkelte avropet blir regulert av oppdragsgjevars bestilling og vilkår som partane blir einige om i kvar einskild tilfelle.</p> <p>For avrop av større verdi og/eller kompleksitet kan det bli aktuelt å legge NS 8406 Forenkla norsk bygg- og anleggskontrakt, eller andre relevante NS-er, til grunn for det einskilde avropet. Dette skal avtalast særskilt i kvart tilfelle.</p>	A
24.	<p>Tilgjenge Leverandøren skal vere tilgjengeleg for førespurnader på telefon i arbeidsdagane mellom kl. 07.30 -15.</p>	A
25.	<p>Respons på førespurnadar (bestilling) og ferdigstilling, ordinære oppdrag</p> <p>Småoppdrag: Oppdragsgjevar sender ut ein bestilling via Famac. Bestillinga inneheld som hovudregel forslag til løysing, og tidsfrist.</p> <p>Større oppdrag: Ved større oppdrag/ eller der oppdragsgjevar treng bistand med å finne løysing/ eller ved behov for synfaring, vert det først tatt kontakt via telefon eller e-post.</p> <p>Leverandør skal innan rimeleg tid gje ein overordna skriftleg tilbakemelding på e-post, som viser kva slags løysing leverandøren ser føre seg, med estimat som viser både forventa timeforbruk og varekostnadar (to ulike estimat). Dersom leverandør ser at estimatet vert overskride, skal leverandør utan ugrunna opphald varsle om dette, samt informere om årsaka til endringa.</p> <p>Arbeidet skal utførast fortløpande og avsluttast innan rimeleg tid, innanfor dei tidsfristane partane blir samde om.</p>	A
26.	<p>Hasteoppdrag og oppdrag på kort varsel: Dei fleste oppdraga er planlagde, men det kan oppstå akutte vedlikehaldsbehov, til dømes ved hærverk og skader på grunn av uvêr.</p> <p>I tillegg kan det oppstå behov for å gjere tilpassingar og tilretteleggingar i ulike føremålsbygg,</p>	A

#	Krav	Type
	<p>til dømes på skulane, der skulane får kort frist til å tilpasse bygget.</p> <p>Leverandør må ha tilstrekkeleg kapasitet til å handtere slike oppdrag.</p>	
27.	<p>Arbeid i skuleferien: Ein del byggearbeid blir utført om sommaren og i andre feriar når føremålsbygga er tomme. Leverandør må difor forplikte seg til å kunne utføre arbeid i ferieperiodane.</p> <p>Arbeid som skal utførast i sommarferien vil så langt det er mogleg bli meldt inn til leverandøren innan 1. mai kvart år.</p> <p>Leverandør må ha tilstrekkeleg kapasitet til å utføre desse oppdraga.</p>	A
28.	<p>Arbeid på ettermiddagar Nokre synfaring og arbeid må utførast når bygningane er tomme. Dette gjeld vanlegvis skular og barnehagar. Leverandøren må kunne tilpasse arbeidet til når desse bygningane er tomme, typisk mellom kl. 14-17. Det vert ikkje utbetalt overtid for arbeid utført i denne perioden.</p>	A
29.	<p>Fast kontaktperson Oppdragsgjevar skal ha éin fast kontaktperson som skal kjenne godt til avtalen, og som skal vere ansvarleg for å følgje opp eventuelle avvik på overordna nivå. Kontaktpersonen er ansvarleg for å ha oversikt over eventuelle avvik, og for å setje i verk korrigerande tiltak ved behov.</p>	A
30.	<p>Lærlingeklausul: I denne rammeavtalen er det eit krav at entreprenør må vere tilknytt lærlingeordning, samt at det i tillegg skal nyttast lærlingar ved utføring av arbeid. Oppdragsgjevar vil sjølv kontrollere om tilbydar er registrert som godkjent lærebedrift, i samband med evaluering av tilbodet. Kravet til bruk av lærlingar kan bli oppfylt av lærling, lærekandidat, praksisbrevkandidat og eller/ kandidat til fagbrev på jobb. Praksiskandidatar vil ikkje oppfylle kravet.</p> <p>Dersom leverandør ikkje klarar å få tak i lærling(ar), og kan dokumenterer at det er iverksett eigna tiltak for å få tak i lærling, kan oppdragsgivar bestemme at kravet fell bort. Oppdragsgivar skal sende skriftleg tilbakemelding om dette.</p> <p>Arbeid utført av lærlingar skal vere utført under rettleiing av fagarbeidar/hjelppearbeidar.</p>	A
31.	<p>Lærlingeløn Lærlingar (samt liknande utdanningsløp) skal lønnast i samsvar med føresegner om lærlingeløn i relevant overeinskomst. Leverandøren skal setje timepris ved fakturering tilsvarende den aktuelle prosentvise satsen av tariff-løna som gjeld for lærlingen, basert på kor lenge lærlingen har vore i lære.</p> <p>Utgangspunktet er tilbode timepris for fagarbeidarar. Eksempelvis, dersom ein elektrikarlærling har krav på 50 % av ordinær timelønn basert på tal månader i lære, skal det fakturerast for 50 % av tilbode timepris for tømrrar, for lærlingen.</p> <p>Utgangspunktet for berekning er Landsoverenskomsten for elektrofagene, når siste versjon vert gjort tilgjengeleg.</p>	A
32.	<p>Informasjon om nyvinningar Oppdragsgivarar fagpersonell skal haldast løypande oppdatert om tekniske nyvinningar og forbetringar av betydning innan faget, til dømes gjennom kurs eller informasjonsmateriale.</p>	A

2.3 Miljø og avfallshandtering

#	Krav	Type
33.	Krav til produkt	A

#	Krav	Type
	Leverandøren skal for arbeid i tråd med denne avtalen berre nytte materiale som minst oppfyller miljøkrava som følgjer av dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar.	
34.	<p>Avfallshandtering</p> <p>Avfall skal leverast til godkjent deponi. Spesialavfall må behandlast i samsvar med forskriftene.</p> <p>Leverandøren skal ha ein avtale om returordning for EE-avfall.</p> <p>Det skal kunne synes kvittering for avfall levert på godkjent deponi ved førespurnad.</p> <p>Der det er aktuelt, i samsvar med TEK 17, kapittel 9 om ytre miljø, skal det utarbeidast avfallsplanar, og avfall skal sorterast på anleggsområdet (kildesortering) i samsvar med krava i TEK 17.</p>	A
35.	<p>Miljøkrav køyretøy og utstyr</p> <p>Voss herad har som mål at samla utslepp frå trafikksektoren skal reduserast med 85 % frå 2005, og at 90 % av bygg- og anleggsverksemd skal vere utsleppsfri i 2030.</p> <p>Det skal difor jobbast for å redusere klimagassutslepp frå transport, avfallshandtering og byggeplassar i heile kontraktperioden.</p> <p>Verktøy og anna utstyr på arbeidsstaden skal vere elektrisk drivne.</p> <p>Hovudregelen er at leverandør må nytte elektriske bilar til persontransport på denne avtalen. Kravet gjeld dermed små varebilar og eventuelle personbilar til synfaring. Ein legg til grunn at ein liten varebil (til oppdrag utan frakt av større volum varer), eventuelt saman med ein elektrisk personbil (til synfaring), vil vere tilstrekkeleg til å dekke behovet for persontransport på denne avtalen.</p> <p>Kravet gjeld ikkje for køyretøy som vert nytta til transport av tyngre varer, til dømes der ein treng stor varebil, eller må nytte tilhengar for å få transportert varer frå varehus til oppdragsgjevars lokasjon.</p> <p>Stor varebil må være typegodkjent som Euro 6.</p> <p>Utsleppsfri teknologi skal takast i bruk etter kvart som den blir tilgjengeleg i marknaden, og ved utskiftingar av gamle køyretøy skal miljøvenlege alternativ i tråd med Voss herad si til ein kvar tid gjeldande miljøstrategi veljast.</p> <p>Miljøarbeidet vil bli eit tema på årlege kontraktsmøte.</p> <p>Dokumentasjon: Leverandør må skildre over kva for elektriske bilar som er tenkt nytta for denne kontrakten, frå tidspunkt for oppstart av kontrakt. Type bil og merke må kome fram.</p> <p>Dersom leverandøren som vert tildelt kontrakt ikkje disponerer over liten elektrisk varebil til persontransport, og elektrisk personbil til synfaring, må leverandør innan tre veker etter tildeling oversende dokumentasjon på kjøp av ny(e) bil(ar), eller dokumentasjon på at det er inngått leasingavtale. Forventa leveringstid på ny(e) bil(ar) må ikkje overstige 8 månader.</p>	A
36.	<p>Gjenbruk av komponentar</p> <p>Det vil bli auka fokus på gjenbruk av utstyr i avtaleperioden. Leverandøren må difor vere førebudd på å samarbeide med oppdragsgivaren for å auke omfanget av gjenbruk. Eventuell kompensasjon for å handtere og nytte brukt utstyr vil bli avtalt dersom det blir aktuelt.</p>	A

2.4 Krav til prising og dokumentasjon av prising for varer

#	Krav	Type
37.	<p>Bilag 4A Prisskjema skal fyllast ut i tråd med instruksjonane i prisskjemaet og leverast saman med tilbodet.</p> <p>Leverandøren skal fylle ut sine innkjøpsprisar for varer i kolonne G, og påslagsprosenten i</p>	A

#	Krav	Type
	<p>celle C4, i Bilag 4 Prisskjema. Påslagsprosenten skal vere lik for alle varegrupper.</p> <p>Oppdragsgjevar har som mål å samanlikne innkjøpsprisar for produkt av lik/samanliknbar kvalitet. Det er difor svært viktig at tilbydaren gjev opp innkjøpsprisar i samsvar med den generiske skildringa for kvar varelinje. Tilbydaren blir oppmoda om å ta kontakt via Mercell før spørsmålsfristen dersom det er spørsmål til kva for produkt som er etterspurt og som ein ønskjer å få prisa.</p> <p>Dokumentasjon: Alle innkjøpsprisane som blir oppgitt i Bilag 4 Prisskjema skal dokumenterast.</p> <p>Dokumentasjonen bør være fakturaer datert etter 01.06.24, som viser innkjøpspris frå grossist/underleverandør for dei spesifiserte varelinjene i prisskjemaet, men anna dokumentasjon kan aksepterast, dersom dato og innkjøpspris kjem fram. For eksempel ved skriftlege stadfestingar på innkjøpsprisar frå grossist, eller ved utskrift frå bestillingssystemet, datert etter 01.06.24</p> <p>Tilbydd påslagsprosent skal være den same for alle varer/produktgrupper omfatta av denne avtalen.</p> <p>Sjå òg Bilag 3 Pris – og administrative vilkår.</p>	
38.	<p>Krav til faktura Underbilag frå grossist som viser innkjøpsprisar for materiell og produkt skal alltid leggjast ved fakturaen.</p> <p>Ansattnr. til bestillar og aktivitetsID frå Famac skal framkomme på fakturaen, og være lett synleg.</p>	A